
Oppdragsgjevar:	Hordaland Fylkeskommune
Oppdrag:	606022-06 – Reiseliv og infrastruktur
Dato:	06.10.2017
Skrive av:	Ingvild Nordtveit
Kvalitetskontroll:	Øyvind Sundfjord

INNSPEL ARBEIDSVERKSTAD 1

INNHOLD

1	Deltakarar.....	1
2	Program.....	2
3	Innspelel.....	2
3.1	Kva er dei viktigaste utfordringane i området?.....	2
3.2	Viktige reise mål i fylket og skildring av eventuelle kjende utfordringar ved desse.....	6
3.3	Prioritering av strekningar.....	12

1 DELTAKARAR

Det var nær 30 deltakarar på arbeidsverkstaden fordelt på fem grupper. Samla var det representantar frå heile fylket på arbeidsverkstaden:

- Hordaland fylkeskommune
- Statens vegvesen
- Innovasjon Norge Hordaland
- NHO Hordaland
- Hardangerrådet IKS
- Ullensvang Næringsforum
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- Bømlo kommune
- Turistinformasjonen Destinasjon Voss
- Bergen reiselivslag
- Region Nordhordland
- Fjord Tours
- Næringshagen på Voss
- Fjord Norge
- Odda turistkontor

Representant for Nasjonale turistveger måtte melde forfall.

2 PROGRAM

Program for dagen

- 09.30: Velkomen
- 09.50: Innlegg: Kartlegging av dagens situasjon
- 10.10: Innlegg: Utfordringar sett frå destinasjonsselskapa
- 10.30: Gruppeoppgåver
- 11.30: Lunsj
- 12.00: Innlegg: Erfaringar frå Hardangerregionen
- 12.30: Gruppeoppgåver
- 14.30: Innlegg: Reiselivssatsing i Hordaland og vegen vidare
- 15.00: Helg

29.09.2017

 asplan viak

Alle innlegg følger som vedlegg:

1. Velkomen ved HFK
2. Kartlegging ved Asplan Viak
3. Utfordringar sett frå destinasjonsselskapa ved Fjord Norge
4. Erfaringar frå Hardanger ved Hardangerrådet
5. Reiselivssatsinga i fylket ved HFK

3 INNSPEL

Innspel som kom i løpet av dagen er lista opp under, foreløpig utan vurderingar av kva som bør prioriterast vidare i prosjektet.

3.1 Kva er dei viktigaste utfordringane i området?

Gruppearbeid

- Kva meiner de er dei viktigaste utfordringane for utvikling av reiselivsnæringa i Hordaland når det kjem til infrastruktur og fasilitetar?

Nei, nei, nei: Vi manglar gul stripe i vegen, kurva er for bratt, vi har for lite pengar

Ja, ja, ja: Parkering ved attraksjonar er ein utfordring eller driftsavtaler fungerer ikkje.

29.09.2017

 asplan viak

Kvar gruppe fekk i oppgåve å prioritera dei tre viktigaste utfordringane for reiselivsnæringa i fylket når det gjeld infrastruktur. Det var først satt av tid til å reflektera på eigenhand og deretter diskutere i gruppene. Nokre utfordringar gjekk igjen på fleire av gruppene.

Det var særleg utfordringar knytt til skilting/informasjon som vart trekt fram som særleg utfordrande. Dette gjekk både på språk, oppdatering av skilt, digitalisering, strenge reglar og manglande informasjon om til dømes kollektivtilbod.

Også utfordringar knytt til toalett og parkering, både dimensjonering med stor variasjon i etterspurnad over sesongane, og at tilbodet må vere opent heile året om man skal legge til rette for heilårsverksemd i reiselivet.


Det var peika på utfordringar knytt til eigarskap med klar ansvarsfordeling, finansiering (inkl. betalingløyisingar og tilskotsordningar), dialog og samspel mellom ulike ansvarlege. Ordningar for drift av tilbod ved bruk av kommersielle må vere føreseielege.

Det var og peika på at tilrettelegging for reisande må utformast slik at det og støttar opp under lokal næringsverksemd. Rasteplassar og offentlege toalett kan vere ein konkurrent for lokale serveringsstader om det ikkje vert utforma i samband med dei kommersielle.

Gjengroing langs vegane er og peika på som ein betydeleg utfordring i fylket.


I alle tiltak må det og takast omsyn til vekst i næringa ved prosjektering av nye tilbod/fasilitetar.

I etterkant har noen av deltakarane levert ein grundig oversikt over utfordringar frå sin region, men dette er ikkje tatt med i denne samanfatninga.



Figur 3-1: Innspel frå gruppene

Notater frå diskusjonane peiker og på andre utfordringar, men som ikkje vart vurdert som viktigast på gruppene.



Figur 3-2: Eigne notater om utfordringar

3.2 Viktige reisemål i fylket og skildring av eventuelle kjende utfordringar ved desse

Kva er viktige reisemål, stoppestader i Hordaland

Kriterie:

- Ikkje i by eller tettstad

29.09.2017

 asplan viak

Kva for viktige reisemål/strekningar har utfordringar som de kjenner til

- Ikkje sentrumsområder
- Ikkje der det er opplagt kommunalt ansvar

Kva er utfordringane?

- Beskriv utfordringane knytt til infrastruktur og fasilitetar
- Hvilke måneder er høysesong for reisemålene, når er det utfordringar her?

29.09.2017

 asplan viak

REISEMÅL MED UTFORDRINGAR – GRUPPE A



Figur 3-3: Lilla merker: sentrale stader. Grøne merker: Stader med utfordringar som skildra i tekstboks.

NOTAT

Reisemål: Låtefoss

Utfordring: Parkering, toalett, trafiksikkerhet.

Reisemål: Trolltunga

Utfordring: Kjente for alle.

Reisemål: Vøringsfoss/Måbødalen generelt

Utfordring: Parkering, trafiksikkerhet.

Reisemål: Bu

Utfordring: Toalett med betent servicetilbod og reinhald, busskapasitet og kollektivløysingar.

Reisemål: Langfoss

Utfordring: Trafiksikkerhet

Reisemål: Raundalsvegen

Utfordring: Manglande tilrettelegging (gjelder mange av dei markerte plassane på kartet).

Reisemål: Rv. 13 Kinsarvik – Bu

Utfordring: Trafikale problem mai-september

REISEMÅL MED UTFORDRINGER – GRUPPE B



Figur 3-4: Lilla merker: sentrale stader. Grøne merker: Stader med utfordringar som skildra i tekstboks.

Reisemål: Bu

Utfordring: Toalettkapasitet og løysing for vedlikehald. Opptil 1000 personar dagleg (busser).

Reisemål: Hesthamar (rasteplass, utsiktspunkt, kulturhistorisk)

Utfordring: Manglar toalett. Næraste toalett er Utne. Heile året.

Reisemål: Fossen Bratte

Utfordring: På ruta til rundreiseturistar som stopper. Kommunen får liten effekt av turiststraumen el. Utsiktspunkt rett etter tunell.

Reisemål: Steindalsfossen

Utfordring: Mykje søppel. Uavklart ansvar, løysingar fungerer ikkje. Bubilar tømmer septiktank i kummer som ikkje er meint til det.

Reisemål: Låtefoss

Utfordring: Trafikksikkerhet?! Vakkert, men det er ikkje plan til å ha ein turistattraksjon der. Korleis løyse?

Reisemål: Heile fylket. Rv. 13

Utfordring: Bubil – manglar tilrettelegging. Manglar tøyning og parkering.

Reisemål: Heile fylket

Utfordring: Logisk informasjon i form av skilt. Langt mellom skilt, ev. bruke Google maps meir aktivt for å legge inn informasjon om tilbod.

Reisemål: Trolltunga/Odda

Utfordring: Logistikk inn til Odda senter

Reisemål: Buførevegen

Utfordring: Parkering manglar

Reisemål: Folgefonna skisenter

Utfordring: Elendig veg. Burde hatt shuttle-buss.

Reisemål: Heile fylket

Utfordring: Uklarheit over heile fylket om regler for skilting av næringsaktørar langs veg.

Reisemål: Heile fylket

Informasjon for reisande utan lokalkunnskap og –kjennskap.

REISEMÅL MED UTFORDRINGAR – GRUPPE C



Figur 3-5: Lilla merker: sentrale stader. Grøne merker: Stader med utfordringar som skildra i tekstboks.

Reisemål: Bu – Hardangerbrua og kunsthøye

Utfordring: Kapasitet på parkering + toalett + informasjon. Korrespondanse?
Sesong: Heile året.

Reisemål: Bekkjarvik/Rubbestadneset/Skånevik/Espevær osv.

Utfordring: Rutefrekvensen på snøggåten er hindring for vidare vekst av turisme. Informasjon om Sunnhordlandsruta og skilting. Sesong: Heile året.

Reisemål: Trolltunga

Utfordring: Infrastruktur, informasjon, toalett, sikkerhet, renovasjon.
Sesong: Heile året.

Reisemål: Måbødalen - Vøringfossen

Utfordring: Toalett, parkering, i turløypa, stengt tunell. Sesong: Heile året.

Reisemål: Fruktblomsti/turistveg

Utfordring: Trygge vegar, infrastruktur, tryggleik, skilt, lys. Sesong: Mai ..., men heile året som terreng.

Reisemål: Langfoss

Utfordring: Kapasitet til utvikling ved servicebygg/parkering. Sesong: Heile året.

Reisemål: Utne-Kinsarvik

Utfordring: Kapasitet og servering

Reisemål: Skjersholmane - Ranavik

Utfordring: Fasilitetar på kai og servering

Reisemål: Hardanger

Utfordring: Korrespondanse på ferjer/knutepunkt i Hardanger.

REISEMÅL MED UTFORDRINGAR – GRUPPE D



Figur 3-6: Lilla merker: sentrale stader. Grøne merker: Stader med utfordringar som skildra i tekstboks.

Reisemål: Bekkjarvik

Utfordring: Dårleg kommunikasjon. Avhengig av ferjer og båt. Treng betre informasjon om båttilbodet.

Reisemål: Vikafjellet

Utfordring: Ingen informasjon før Vinje om det er open veg eller ikkje. Viktig for trafikken i begge retningar. Må og vere på engelsk, og heile året.

Reisemål: Trolltunga

Utfordring: Kjente utfordringar

Reisemål: Låtefoss

Utfordring: Trafikkfarleg pga. manglande stoppmoglegheitar.

Reisemål: Voss klatrepark

Utfordring: Dårleg skilta inn til parkeringsplassen.

REISEMÅL MED UTFORDRINGAR – GRUPPE E



Figur 3-7: Lilla merker: sentrale stader. Grøne merker: Stader med utfordringar som skildra i tekstboks.

Reisemål: Bu

Utfordring: Toalett og parkering for buss, skilting vidare frå Bu. Sesong: Heile året

Reisemål: Trolltunga

Utfordring: Toalett, parkering, bubil og skilting. Høgsesong: Juni-september.

Reisemål: Låtefoss

Utfordring: Trafikksikkerhet, parkering, bubil og skilting. Sesong: Heile året

Reisemål: Trengereid

Utfordring: Parkering, toalett, drift, slitasje og informasjon. Sesong: Heile året

Reisemål: Måbødalen

Utfordring: Toalett og parkering. Sesong: Heile året

Reisemål: Kvåle

Utfordring: Toalett, parkering, slitasje og informasjon. Sesong: Heile året

Reisemål: Langfoss

Utfordring: Trafikksikkerhet. Sesong: Heile året

Reisemål: Furebergfossen

Utfordring: Trafikksikkerhet. Sesong: Heile året

Reisemål: Raundalen

Utfordring: Mangelfull tilrettelegging av veg, skilt og parkering. Sesong: Heile året.

Reisemål: Baroniet i Rosendal

Utfordring: Skilting frå Skare + ev. andre stader i fylket. Sesong: Mars-oktober.

3.3 Prioritering av strekningar

Prioriterte strekningar

- Vel ein eller to strekningar som de meiner det bør arbeidast vidare med i dette prosjektet
- Hald ein appell på 5 min

29.09.2017



Kvar gruppe hald ein kort appell for 1-2 strekningar som bør prioriteras. Grunngeving for prioriteringane gruppene gjorde er lista opp under:

- **Låtefoss-Vøringsfossen:** Kan vere til hinder heile året. Stengte veger, dårleg rutetilbod og lite avklart driftsansvar av fasilitetar. Behov for skilting på fleire språk.
- **Båtrute: Sunnhordland:** Viktig for å auke volumet på reisande til Sunnhordland. Dårlig frekvens, ikkje mogleg å bestille på førehand, ikkje mogleg å pakketera, dårleg informasjon og svært viktig for å løfte reiselivsnæringa i den sørlege delen av fylket.
- **E16 frå Bergen til rv. 7 Hardangervidda:** Ein strekning med stor trafikk og innfallspurt for mange. Det er ein del tilbod langs vegen, men det som er der var etablert for 20 år sidan.
- **Rv. 13 Rødal-Myrkdalen:** Hovudtyngda av turistar vel denne vegen. Det er mange spanande avstikkarar langs vegen.
- **Trolltunga:** Fortsatt er det stor utfordringar her. Det er eit av dei viktigaste reisemåla i fylket. Parkering, toalett og sikkerheit er utfordringar. Sesongen er frå mai til september.
- **Kinsarvik-Bu:** Det er behov for servicetilbod, betent toalett, og det er trafikale utfordringar. Sesongen er frå mai til september.
- **Rv. 13, særleg ved Kinsarvik.** Trafikkork på grunn av stopp i ferja gir forseinkingar som fører til tapte inntekter for næringa. Og behov for bubilparkering (gjeld heile fylket).
- Forbetre skilting og informasjon for å sende trafikkstraumane mot **Sunnhordland**. Generelt informasjon for å synleggjere tilbod langs kysten.
- **Snøggbåtruta til Sunnhordland:** Det er behov for kontraktar med insentiv for å marknadsføre ruta overfor turistar, eller Skyss må gjere dette. Viktig for å transportera turistar frå Bergen til Sunnhordland.
- Pilot for å finne løysingar på utfordringar med gjengroing langs vegane. Finne ein strekning der dette er eit problem og teste ut ordningar med samarbeid med grunneigarar for å løyse dette.